



jj

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vår ref.

17/128-9/IOT
17/9609

Dykkar ref.

Arkiv

K2 - D11

Dato:

24.11.2017

Søknad om midlar til realisering av nye innandørs skytearena i Dale

I samband med bygging av ny 1-10 skule i Dale i Fjaler vart det bestemt at Gamle Dingemoen skule skulle rivast. Einaste aktive bruken av dette arealet har dei siste åra vore Dale skyttarlag som har brukt kjellaren til miniatyrskyting. Dei siste åra har skyttarlaget vore aktive i forhold til å rekruttere barn og ungdom til sin innandørs aktivitet. Fjaler kommune ser det som ei viktig oppgåve å sikre at det framleis fins eit slikt tilbod i Dale.

Fyrste steg mot Arena Dingemoen:

Då Fjaler kommune vedtok Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet januar 2017 såg ein at Dingemoen var ein naturleg stad å samle mange av idrettsanlegga i kommunen. Det er løyvt midlar til å lage ein heilskpleg plan for Arena Dingemoen.

Fjaler kommune har løyvt 2,5 millionar for å få dette realisert i same bygg som Fjalerhallen. På denne måten vert denne aktiviteten knytt tettare saman med idrettsaktiviteten i kommunen – i tillegg er denne plasseringa ideell i forhold til Dale vidaregåande.

Det er mange fordeler ved å få samla fleire aktivitetar i samme område rundt Fjalerhallen:

1. Ein får redusert kostnader med garderober og fellesareal
2. Skytesporten vert meir synleg for fleire – lettare å rekruttere
3. Skyttarungdom frå nabokommunane kan halde fram med sin idrett når dei vel å gå på Dale vidaregåande skule. Ligg synleg og sentralt i forhold til dette.

Skytearenaen skal tilretteleggast for fleire idrettar som krev sikker bakgrunn, som t.d finkalibra pistolskyting, bogeskyting, miniatyrskyting med rifle og luftgevær.

Ved å bygge ny skytearena i dette området vil det bli eit mangfold av aktivitetar på same område som har felles vrимle og kafeområde med resten av idrettane i Fjalerhallen. I tillegg ynskjer vi å bygge ut med felles lager, ei ny aktivitetsflate i tillegg til sjølve idrettshallen og utbetring og utvidinga av fellesareal mot nord. Ein mister eit lite lager på nordsida som vert ein del av fellesareal. Dette vert kompensert med eit større lager.

Den nye skytebana er planlagt med 10 skiver. Skytebana vil då få god kapasitet for eit stort tal skyttarar på trening og på konkurransar. Skyttarane frå Dale held høgt nivå, også på nasjonalt nivå, og har faste treningar 3 dagar i veka. Kvaliteten på treningane vil verte endå betre når kvar enkelt skyttar får meir tid på standplass med fleire skiver. Vi ventar at rekrutteringa til skytesporten vil auke når vi vert samlokalisert med dei andre idrettane i Fjalerhallen. Skyttarlaget samarbeider med

Postadr.:

Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

Telefon:

57 73 80 00

Telefaks:

E-post: post@fjaler.kommune.no

Org.nr

864968422

Bankgiro:

3741 07 10103

Innbetaling skatt

6345 06 14299

naboskyttarlag i Hyllestad, Gaular og Askvoll m.a. om felles treningskveldar. Det er også godt samarbeid med Førde og Gaular og det er ei intern forståing om at Førde har det beste anlegget på utandørsskyting, Gaular det beste anlegget på feltskyting og at Fjaler finn sin plass som ein regional aktør innan inndandørsskyting.

Med så god skytebanekapasitet vil Dale skyttarlag verte eit naturleg vertskap for framtidige større skytestemne som td. fylkesstemner og vestlandsstemner som har 300-400 deltakarar.

Samarbeid Dale skyttarlag og Dale vidaregåande:

Dale vidaregåande skule støttar planane om eit nytt skyteanlegg. Dei ser at dei har fleire skyteinteressert ungdommar i sitt nedslagsfelt. Det å kunne fortsette med si interesse når ein skal på hybel betyr mykje for ungdommane. Vi trur at dete er ei nisje Fjaler kan verte gode på. Dale skyttarlaget har gode skyttarar som også er gode på å lære vekk. På sikt tenker ein at ein kan utvikle dette som både valfalg og eit av vala innafør breiddeidrett på skulen. Det manglar eit tilbod på Vestlandet for ungdom med ambisjonar innan skytesporten.

Skyting er eit godt alternativ for unge med konsentrasjonsvanskar, eller som ikkje likar eller er skapt for drive med lagidrett. Ein ser fleire stader i landet at ein har nytta skyting med gode resultat på denn gruppa av elevar. Skyting krev at ein fokuserer på ei oppgåve og mange opplever ei meistring på dette feltet. Sjå artikkel frå NRK Sogn og Fjordane med skyttarprinsessa Mona Isane:

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/adhd-barn-skal-skyte-for-a-fa-betre-konsentrasjon-1.13623622>

Kostnadskalkylen er på rundt 11 000 000 + mva.

FINANSIERINGSPLAN:

Fjaler kommune:	2 500 000
Anna ekstern finansiering:	700 000
Støtte Sparebankstiftinga Fjaler:	500 000
Støtte Sparebankstiftinga Sogn og Fj.:	100 000
Spelemidler:	
-Lager:	500 000
-Sosialt rom:	500 000
-Aktivitetssal:	700 000
-Skyteanlegg:	1 500 000
Søknad Sogn og Fjordane fylkeskommune	4 000 000

Samla sum : 11 000 000

Kva vil dette gje Fjaler som skulestad:

Fjalerhallen vil både verte betre eigna som møtestad og stad for uorganisert ungdom i tillegg til at dei får eit større tilbod av ulike organiserte idrettar. Innafor Fjalerhallen kan ein organisert drive: badminton, volleyball, basketball, handball, fotball, friidrett, dans, yoga, aerobic, spinning, eigentrening i stort styrkerom. På utsida ligg stor kunstgrasbane for fotball og motorsportanlegg.

Med helsing

Ingeborg Opdøl Tysnes
leiar kultur

Direkte tlf: 57738044

Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesdirektør for opplæring
Bekka Skaasheim
Fylkesordførar Jenny Følling

Vedlegg:

Ny innandørs skytebane i Dingemoen idrettspark - uttale frå Det frivillige skyttarvesen